

FORELDRE RÅDET SITT ARBEIDSUTVALG (FAU)

V/ØYSTRE SLIDRE UNGDOMSSKULE

EIN ENGASJERT OG GLAD SKULE!

RETNINGSLINER TIL 10 KLASSE SIN AVSLUTNINGSTUR

På bakgrunn av FAU sine vedtekter og innspel frå tidlegare arrangerte turar har FAU kome fram til følgjande:

FORMÅL:

For å unngå at all organisering og inntjening av pengar rundt ein avslutningstur i 10. klasse skal ta for mykje av elevane sin oppmerksomheit, samt at det er viktig å skape realistiske forventningar og likare rammer for årskulla så er det eit ønskje fra lærarane og FAU at følgjande retningslinjer dannar eit grunnlag for ein slik tur:

1. Turen skal leggjast opp slik at alle har ein forutsetning for å kunne vere med (økonomiske, funksjonshemningar, transportmiddel, reisetillatelsar). Spesielle behov etc. bør kartleggjast aller fyrst.
2. Turen skal begrense seg til Noreg og Sverige og det skal ikkje nyttast fly.
3. Ei arbeidsgruppe blant foreldra gjer elevane 3-5 forskjellige reisemål. Det skal jobbast mot eit fast reisemål som alle avslutningsturane skal gå til – på lik line som til Bjørnesund i 8. kl.
4. Det er deretter opp til elevane å bestemme kvar turen går.
5. Alle pengane for inntening skal vere gjort innan ultimo januar i 10. klasse.
6. Tidspunkt for turen er frå nest siste helg i skuleåret.
7. Elevane skal hovedsakeleg jobbe inn kostnaden av turen sjølv.
8. Turen sitt hovudmål er å ha ein sosialt samlande effekt som avslutningstur etter tre år i sammen ved ØSUS.

Innteningsmoglegheiter for turen kan vere:

Dugnadsarbeid som f.eks. sal av «Jul i Valdres», dugnad ved idrettsarrangement og evt. andre felles inntektskjelder. Inntekta går til klassekassa. Pengane skal **ikkje** utbetalast til eleven, privat.

GODE RÅD:

1. Betre prisar vert oppnådd ved å bestille turen tidleg på året i 10.kl.
2. Kokkelina på Valdres vidaregåande skule er behjelpelige med billige baguettar på avreisedagen om ønskjeleg.
3. Fordeling av evt. rom vert teke på bussen etter at turen har starta.
4. Jo mindre reisemål, jo større friheit kan ungdomen få.
5. Ha dialog med rektor og lærarar vedr. dato for tur mtp. fråvær slik at det ikkje kolliderer med eksamen.

Eit foreldremøte på våren i 9. klasse er ein fin anledning til å forankre fleire av desse punkta, men elles har klassekontaktene eit generelt ansvar for å følgje opp denne rutina med ein status på kvart foreldremøte, om nødvendig.